



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
065/16	Plan og utvikling	03.10.2016
089/16	Kommunestyret	20.10.2016

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
12/1147 - 16/7605	K1 - 141, K2 - L12	Jan Olav Åsarmoen Møller 959 84 656	21.09.2016

Reguleringsplan(detaljregulering) for E16 Nærøydalen - vedtak av plan

Kort samandrag

Saka gjeld slutthandsaming(2.gongs handsaming) av reguleringsplan(detaljregulering) for E16 Nærøydalen.

Planen har lege ute til offentlig ettersyn i perioden 01.07.2016 – 01.09.2016. Det er motteke ni innspel til høyringsframlegget.

Føremålet med planarbeidet har vore å laga ei detaljregulering for rassikring. Rassikringa skal gjennomførast ved å byggje ny tunnel forbi dei rasutsette områda.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek reguleringsplan(detaljregulering) for E16 Nærøydalen, i medhald av plan- og bygningslova §12-12, med endringar som kjem fram av avsnittet «*Tilrådde endringar*» i vurderinga.

03.10.2016 Plan og utvikling

PUT-065/16 Vedtak:

Kommunestyret vedtek reguleringsplan(detaljregulering) for E16 Nærøydalen, i medhald av plan- og bygningslova §12-12, med endringar som kjem fram av avsnittet «*Tilrådde endringar*» i vurderinga.

Samrøystes

20.10.2016 Kommunestyret

Røysting

Framlegg frå Plan og utvikling 3.10.2016: Samrøystes

KS-089/16 Vedtak:

Kommunestyret vedtek reguleringsplan(detaljregulering) for E16 Nærøydalen, i medhald av plan- og bygningslova §12-12, med endringar som kjem fram av avsnittet «*Tilrådde endringar*» i vurderinga.

Samrøystes

Vedlegg:

Samandrag og kommentarar til innkomne merknadar i høyringsperioden

Innkomne merknadar i høyringsperioden - samlefil

Planomtale

Føresegner

Plankart

Plan og profildeikningar

Profildeikningar avkøyrslar og lokale vegar

Støysonekart

Delrapport - landskap

ROS

Reguleringsplan for E16 Nærøydalen - vedtak av planprogram

Planprogram

Referat frå møte om ny tunnel E16 i Nærøydalen 20.05.2016

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova §12-12.

Naturmangfaldlova.

Veglova

Kommuneplan for Aurland vedteken 18.06.2009.

Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2012 – 2016

Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014 – 2023.

Saksopplysningar

Arbeidet med detaljregulering med konsekvensutgreiing for skredsikring av E16 Nærøydalen starta formelt opp i juni/juli 2013. Føremålet med planarbeidet har vore å laga ei detaljregulering for rassikring. Rassikringa skal gjennomførast ved å byggje ny tunnel forbi dei rasutsette områda.

Planprogram for planarbeidet låg ute til offentleg ettersyn i tidsrommet juli – september 2013. Kommunen vedtok planprogrammet 20.03.2014.

I planprogrammet var det skissert to ulike trasealternativ for utløp til tunnel ved Fyre og vidare mot Slæn. I etterkant av oppstartsvarslet vart det utarbeidd eit forprosjekt «Skredsikring E16 Nærøydalen. Vurdering av alternativ ved Slæn/Fyre. Voss kommune» for fem ulike trasear i området. Føremålet med forprosjektet var å få ei samla vurdering av aktuelle løysingar, som eit grunnlag for val av alternativ. Med bakgrunn i forprosjektet tilrådde Voss kommune at alternativ 5 vart lagt til grunn for planarbeidet. Aurland kommune tilrådde i sitt vedtak til planprogram at både alternativ 2 og 3 skulle utgreiast vidare. I tråd med dette er alle tre alternativ ved Hylland omtala i planomtalen. Det er likevel berre alternativ 2 som er konsekvensutgreidd.

Før planen vart lagt ut til offentleg ettersyn er det gjennomført møte i planforum 24.02.2016, felles for kommunane, fylke og sektormynde i Sogn og Fjordane og Hordaland. Det er òg halde informasjonsmøte om planframlegget i formannskapet i Aurland kommune 07.04.2016 og i formannskapet i Voss kommune 21.04.2016. I tillegg er det halde møte med eigarar av næringsseigedomen og hytte ved Hylland 20.05.2016.

For nærare gjennomgang av planframlegget vert det synt til vedlagd plan med tilhøyrande planføresegner, planomtale, ROS-analyse og utgreiingar. I tillegg ligg sakspapir 007/14 av 20.03.2014 – vedtak av planprogram, ved som vedlegg i saka.

Vurdering

Det kom inn ni merknadar i samband med høyringa. Samandrag av innkomne merknadar med Statens Vegvesen sine kommentarar ligg som vedlegg til saka. Kommentarar til dei innkomne merknadane vert i hovudsak stetta.

Innhaldet i planen og vesentlege verknadar av planframlegget er omtalt i planomtalen.

Planframlegget følgjer opp målsettinga med planarbeidet. Den nye tunnelen vil vera eit viktig rassikringsprosjekt.

Statens Vegvesen har tilrådd nokre endringar i høve planframlegget som har vore ute til offentleg ettersyn.

Tilrådde endringar:

Retting av feil i planen:

Endre a_SKV til f_SKV2 på teikning R15 og i tillegg i planføresegn §5.2 «Felles køyreveg 8f_SKV) «f_SKV_2: Tilkomst til eigedomane 60/14, 60/2 og 60/1»

Felles veg f_SKV_1 har ikkje nr på teikning R14, for tilkomstvegen som går under E16 i kulvert til skogsområdet sør for E16.

Framlegg til endringar

Teikning R15:

- Byggegrense mot elv vert i tråd med avgrensingane for 200 års flaumen.
- Omssynsone skred vert endra til å berre dekke fareområda slik det går fram av aktsemdskart for skred
- Etablere fortau mellom vegrekkverk og rasmagasin, for buføring frå busslomma og forbi rasmagasin. Total breidde to meter for å sikre plass tilrekkverk mot magasin.
- Endre privat veg a_SKV ved næringsområdet til f_SKV2

Teikning R14

- Legge til talet 1 på felles veg som går gjennom kulvert under E16.

Endringar i føresegnene:

-Følgjande tekst vert fjerna frå §9.3 «Søknad om tiltak i faresona skal leggjast fram for Norges vassdrags- og energidirektorat til uttale.

- Følgjande tillegg under §3.1 Byggegrense: «Byggegrense på næringsområde mot elv vert i tråd med 200 års-flaumen. Det er ikkje tillete å setje opp bygningar nærare elva enn byggegrensa viser.»

- §3.5 vert sletta frå planen i Voss kommune. For å få same planføresegn for støy vert det foreslått å fjerne formuleringa.

- Tillegg planføresegn §5.2 «Felles køyreveg 8f_SKV) «f_SKV_2: Tilkomst til eigedomane 60/14, 60/2 og 60/1.

Det er elles i kommentarar til innkomne merknadar påpeika små justeringar av faktafeil i

planomtalen.

Når det gjeld sak om omklassifisering av veg er dette noko kommunen tek stilling til som eiga sak.

Konklusjon:

Alternativet fører til negative konsekvensar for landbruksdrift, samt for areal til næringsverksemd i området. I tillegg vert tunnelpåhogg for ei større anorthosittutvinning ikkje aktuelt på område i framtida. Alternativet er i utgreiingsarbeidet konkludert med å vera det minst konfliktfylte i høve landskapsverdiar, vassdrag og flaumfaren. Det må vidare leggjast til grunn att det er eit avgrensa handlingsrom i området i høve areal og naturbasert sårbarheit. Rassikringsprosjektet vert vurdert til å ha høg samfunnsnytte.

Det vert tilrådd att kommunestyret vedtek planen med dei endringar i plankart og føresegner som kjem fram av vurderinga over(*kursiv skrift*). Endringane vert vurdert til å vera mindre vesentlege.